

Til aktuelle høyringsinstansar

REF.

VÅR REF.
201000007-28

DATO
16. august 2010

Revisjon av nynorskrettskrivinga

Invitasjon til å delta i utforminga av den nye norma

Styret i Språkrådet har oppnemnt ei rettskrivingsnemnd som skal lage ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. Målet er å etablere ei norm som gjer det lettare å vere nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid. Norma skal vere lett å bruke uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse, heiter det i vedtaket frå styret.

Den nye norma skal erstatte dagens norm. Arbeidet skal vere ferdig frå Språkrådet si side 15. mai 2011 etter ein open og inkluderande prosess.

Høyring

Nemnda kjem til å leggje fram utkast til ny norm seinast 1. februar 2011. De vil få tilsendt høyringsutkastet med invitasjon til å kome med skriftlege fråseigner og vere med i eit ope høyringsmøte i Oslo 21. februar 2011. Etter høyringa leverer nemnda sitt endelege utkast til styret i Språkrådet 1. april 2011, og Språkrådet ventar at norma skal gjelde frå skulestart 2012.

Vegen fram mot høyringa

Vi inviterer dykk med dette til å delta i prosessen gjennom [nettsida vår](#) og i [det opne diskusjonsforumet til nemnda](#). Her får de tilgang til alle vedtak etter kvart som dei er klare, og de kan finne [møteplan med tema](#) som gjer at de kan sende inn konkrete framlegg som vi kan ta med i drøftingane. Dette brevet blir sendt til aktuelle høyringsinstansar og ligg òg på nettsida <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/Hoyring-revisjon-av-nynorskrettskrivinga/>

Vi gjennomfører særskilde møte med nokre sentrale språknormererar som aviser, språkfirma, forlag og utdanningsinstitusjonar for å sjå på praksis og preferansar. I tillegg til [det store utgreiingsarbeidet som ligg frå 2000 og 2002 \(Nynorskrettskrivinga\)](#), brukar vi [det nynorske tekstkorpuset](#), nytt materiale frå aviser og offentleg verksemrd og materiale frå elevarbeid for å få eit inntrykk av kva som er dei mest brukte formene i dag.



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.språkrådet.no

Vi har ikkje bede om særskilde møte med nokon av interesseorganisasjonane for nynorskbrukarar, men om det er nokon som ynskjer å møte oss, vil vi prøve å få det til.

Vi ser fram til å høyre frå dykk.

Beste helsing

for *Sylfest Lomheim*
Sylfest Lomheim
direktør

Grete Riise
nemndleiar
(sign.)